

## Kan vi danna forsamling?

Tilstanden i bedehusarbeidet varierer mykje får stad til stad. Her kan ein finna eit blomstrande misjonsarbeid med god møteverksemd og mange aktivitetstilbod, til bedehus der det er lita verksemd og helst få, eldre som samlast.

Vårt utgangspunkt er at der det er kristne som samlast på bedehuset, kan det dannast ei forsamling, sjølv om flokken er liten og aldersgjennomsnittet er høgt.

Avstanden mellom det tradisjonelle bedehusarbeidet og ei bedehusforsamling er ikkje så stor som mange kanskje tenkjer. Vi ser det slik at bedehusarbeidet alltid har vore forsamlingsdannande i sin natur, lekmannsarbeidet har hatt dei bibelske forsamlingsprinsippa som ideala å strekkja seg etter. T.d. kan vi sjå at Hans Nilsen Hauge kalla dei kristne venneflokkane for «menigheter» og leiarane for «eldste».

Når vi talar om forsamlingsdanning i bedehusland, meiner vi difor å gå nokre skritt vidare langs dei linjene som bedehusarbeidet tradisjonelt har fungert utifrå.

Sjå vår modell for ei bedehusforsamling, den har innebygt i seg det vi her nemner.

Nedanfor kommenterer vi nokre av dei vanlege innvendingane mot å danna ei bedehusforsamling.

### 1. Vi er for få til å danna ei bedehusforsamling

Jesus seier at der «to eller tre er samla i mitt namn, der er eg midt imellom dei», Matt 18,20. Det heilage samfunnet som Jesus her trekkjer fram, er det viktigaste innhaldet i ei forsamling, og her trengst altså ikkje mange personar.

Det at gruppa er liten er ikkje til hinder for å danna forsamling. Men det trengst at gruppa

- vil driva vidare medvitne om at dei vil vera ei bibelsk forsamling. Innstillinga her er det avgjerande. Det heile må starta med at gruppa er samstemte om saka og vil byggja ei forsamling. Då vil Gud gje veksten han har lova.
- finn ein som vil stilla seg fram som forsamlingsleiar
- forvaltar nådemidla dåp og nattverd, i tillegg til forkynninga

### 2. Vi har ikkje ressursar til å drive ei forsamling

Ei forsamling treng ikkje ha stort aktivitetsnivå. Men eit minimum er ei samkome for veka, der ordet vert delt og bøna får plass. Søndagen bør vera prioritert møtedag, på fast tid, helst kl. 11, og på same staden. Den faste rytmen gjer det mykje enklare for folk å hugsa på det som skjer og kunna planleggja si tid i høve til dette. Men det viktigaste er å bruka dagen som etter kristen tradisjon er ein heilagdag til å samlast i Guds namn.

Der ein ikkje kan få talarhjelp til kvart møte, vil vi oppmuntra til vitnemøte, at fleire deltakarar er førebudde med eit bibelord/avsnitt som ein deler med dei andre. Der er også svært mange gode taleopptak tilgjengeleg på internett som kan brukast i forsamlingsmøte.

Til å utføra nådemiddelforvaltninga er det hjelp å henta i organisasjonane, eller det kan vera andre bedehusforsamlingar i området som kan hjelpe til.

Ein bør elles vurdere om det kan vera grunnlag for å gå saman med eit nabo-bedehus om å danna felles forsamling.

### **3. Vi har ikkje leiarkrefter**

Det kan vera på det personlege planet at den største utfordringa ligg. Det å stå ope fram med saka og ta ansvaret for den utad kan verke krevjande. Men vi oppfordrar i denne samanhengen den einskilde til å vurdere Jesu kall til å byggja Guds Rike.

Går vi inn i kallsoppgåver, utrustar Gud til gjerninga, og ein vil oppleva både personleg vekst og Guds kraft til oppgåva.

### **4. Vi har for ulikt syn på det å danna forsamling i vårt bedehus**

I omtrent alle bedehusflokkar er ulike syn på forsamlingsdanning representert. Mange har ei tilknytning til Dnk som gjer forsamlingsdanning uaktuelt for dei. Der er også ofte fleire organisasjonar som står sterkt i same bedehuset, og dei trekkjer gjerne i ulik retning.

For å koma vidare med spørsmålet om forsamlingsdanning vil det vera naudsynt å invitera nokon utanfrå, helst frå eigen organisasjon(ar), til å gjennomføra ein prosess med bedehusflokken og avklara dei ulike sidene ved saka.

Organisasjonane har på sentralt hald ei ganske samstemt oppfatning av denne typen situasjonar og har mykje å bidra med.

Tankesmia Bedehusforsamlingar stiller seg også til disposisjon for å hjelpa til med å avklare grunnlaget, og om mogleg få danna ei forsamling.

Vi oppfordrar til å tenkje langsiktig og strategisk med sikte på å byggja Guds Rike lokalt på bibelsk grunn.

### **5. Bedehustradisjonen er å vere i kyrkja**

Slagordet for bedehusland har vore at vi skal vere «i kyrkja, men ikkje under kyrkja». I dette har det lege ein tradisjon på at vi vert ståande i statskyrkja, men arbeidet vårt i bedehusa driv vi fritt etter eiga styring, og vi legg det ikkje inn under kyrkja sine strukturar. Dette synet er særleg forankra i Ludvig Hope sitt skrift frå 1923 «Kyrkja og Guds folk».

Dette tilhøvet til statskyrkja har også fått namnet «ellipsemodellen». Ellipsen har to origo, det eine representerer bedehuset, det andre kyrkja –«kyrkja om føremiddagen og bedehuset om kvelden», slik utfylde dei to kvarandre.

Det er avklart at Hope sitt standpunkt bygde på premisser som ikkje lenger er til stades i vårt samfunn. Hovudsaka for han var å gje best mogleg føresetnader for det åndelege LIVET i det frie lekmannsarbeidet. Om han hadde teke utgangspunkt i slik situasjonen er i samfunnet i dag, ville han med stort sannsyn gått inn for frikyrkjetanken som han den gongen argumenterte imot.

Statskyrkja arbeider i dag med å byggja dei lokale kyrkjelydane og driva eit fulldekkande barne- og ungdomsarbeid. Dei har lokalt i kvar kyrkjelyd fleire tilsette som arbeider for og med dette. Slik sett er kyrkja sterkt forandra i høve til tidlegare. Bedehuset har i statskyrkja si tenking ingen plass, og Dnk

driv i dag mange stader det arbeidet som tidlegare var i bedehuset: søndagsskule og anna barnearbeid og ungdomsarbeid, til dels også bønemøter og andre kveldsmøter.

Det å bli ståande i kyrkja i dag er i stor grad å vera med i dette arbeidet, og det blir liten eller ingen kapasitet til å driva noko bedehusarbeid – det vert for så vidt også unødvendig sett utifrå eins eige åndelege behov. Kristne barnefamiliar vel seg *ei* forsamling dei vil høyra til for å gje borna og seg sjølve eit fulldekkande tilbod. Det vert for tungvindt å henta dette frå fleire samanhengar, ellipsetenkning er for dei uaktuelt.

Nedgangen i bedehusarbeidet i landet må sjåast i lys av denne utviklinga i statskyrkja. Om bedehusland ikkje skal starta med alternativt arbeid i eige hus, vil flokken i bedehuset mange stader vere historie om få år.

Vi trur også det er urealistisk å tenkja at statskyrkja si offisielle lære (vranglære) ikkje skal nå ned til dei lokale Dnk-forsamlingane. Dei må alle innordna seg om det dukkar opp kontroversielle situasjonar. Som konservative kristne må ein i praksis rekna med å få bind for munnen og tvungen til å akseptera utviklinga.

Den liberal-teologiske utviklinga i kyrkja vil fortsetja i stadig aukande tempo, etter vår oppfatning. Folkedemokratiet har ved lov overteke styringa av kyrkja, motkreftene frå bedehusland er ikkje til stades som før, og presteutdanninga gjev ikkje lenger nokon motstand mot utviklinga (MF er tapt for dei konservative).

Vår appell er difor: bygg ei alternativ forsamling på bedehuset mens det ennå er tid!

*Rune Espelid 06.06.2016*